

Kjeldearkiv:Høydal notlag

Fra lokalhistoriewiki.no 25.01.11

Høydal notlag

Kildeinformasjon

Navn:	Knut Høydalsvik
Født:	29. september 1918
Død:	20. desember 2009
Sted:	Høydalen (Volda)
Tidsrom:	1920- og 30-åra
Nedtegnet:	1990-2009
Metode for nedtegning:	Eigenforfatta
Beskrivelse:	Arbeidet i notlaget, mussa- og brislingfiske. Avskrift av handskrive manus ved sonen Stein Høydalsvik.
Viktig:	Denne artikkelen kan kun endres av administratorer. Dersom endringer trengs, vennligst ta dette opp på artikkelens samtaleside eller med en administrator .



Vegna og fengda er i båten. Knut nyt roa.

Foto: Kjell Oddvar Høydalsvik

Kor gammalt [Høydal notlag](#) var, er det ingen no som veit. Det finst ikkje noko papir som viser det, men notparten er med i skjøtet, visst nok ut på Bøen, i tida då bestefar min hadde parten, so notlaget må vere eldre enn frå 1850-åra.

Den fyrste tida var alle i bygda med, også dei i Dalen. Når det vart oppdaga sild, so var det å blåse i bukkehorn nede med notanaustet. I tillegg so vart det sett upp to bord, notafjølene, som skulde vise at det var alvor, og ikkje nokon som mora seg med å blåse i bukkehorn. Dette høyrde og såg dei ikkje fram i Dalen, so då bles dei i bukkehorn også uppe i Berget, for å varsle fram i Dalen. Dei i Dalen gjekk tidleg ut av laget, og då var det 14 partar att. Men det vart tungvindt å samla so mange. Det vart ofte til at dei som var nærmast både tok nota av hengeget, hadde den i notbåten og ofte kasta også, før dei siste kom.

Kor lang nota var veit eg ikkje. Ho var ganske lang, men ho var ikkje so djup. Det vart kompensert med å ha 8-10 dubbel med 5-6 meter lange dublestrengar (av tog). Nota var godt steina, so ho sokk, men det låg færingar på dubbla og heldt upp nota. Dei såg også ned på kavlen (korken) og kunde jage silda tilbake um ho vilde over.

Det vart brukt både ein notabåt og ein spelbåt, den siste står forresten på Sjøfartsmuseet på Bygdø. Nota var sjølv sagt i notabåten, og i spelbåten var eine notadråtten. Når dei skulde kaste, so rodde spelbåten i land og la fast båten, medan notabåten rodde rundt silda og i land med andre enden. So kom færingane på plass. I notabåten var ein rull midt i båten. Den vart snudd med handspaker som gjekk gjennom rullen, ein på kvar side. Det vart teke to-tre kast rundt rullen, ein heldt ann (drog i toget) og fire mann (eller to) sveiva rullen. I spelbåten var eit spel. Der var det to mann til å sveive, og ein til å halde ann.

Det seier seg sjølv at ei not treng vedlikehald. Når noko skulde gjerast, for eks. skifting av dårleg (råta) not med ny not, so var det å drage nota upp på nedste Vikeneset. Berget der var slett og fint, og med at nota vart hala upp og ned, so vart all vegetasjon burte. Nota vart dregen upp med kavlen øverst. På kavlen var det eit merke som viste kven det var som eigde den notbolken som gjekk fra kavlen og ned til grunnen. På vår part stod det K.V. Kvar hadde ansvar for sin part. Når nota var våt og det var godt ver, var det ofte at nota vart hala upp på neset for å få henne turka. Då kunde ein få henne i båten at, so ho var klar til bruk. Nota var av bomull og kunde ikkje liggje våt meir enn to tre dagar for då kunde det verte varmegang og då vart ho øydelagd (råtna).

Elles so var det å hengje henne upp i notanaustet. Det var som vanleg den tida eit grindebygg. Upp på bitane ut med rafta låg nokre solide stokkar over bitane på langs. Over dei låg stokkane som nota vart hengd på. Dei vart kalla spjakar. Når nota skulde hengast vart det laga ei passande bukt nede. Oppe i taket var det ei blokk med tog som gjekk ned i ein svær krok av eine. Notbukta vart hengd i kroken, og so vart den heisa upp og dei fekk køyre spjaken inn i bukta. Etterpå var det å greide nota utover spjaken so ho fekk turke. Det var to mann som vagla der uppe, oftast av dei yngste. Det gjekk som regel godt, men ein gong var det ein som datt ned. Han datt ned over einekroken og slo den av, men elles so gjekk det visst bra.

Frå den fyrste tida eg hugser og like til krigen, var far bas for notlaget. Den tida var fjorden ofte full av småsild, mussa kalla me den. Den var 12-15 cm lang og det var ingen restriksjonar på fangst. Som regel gjekk den til sildeolje/guano, men av og til ogso til hermetikk og det var sjølv sagt betre betalt. Når silda gjekk høgt i

sjøen, var den å sjå som brune flak. Det kalla me bronkar. Dei viste best når det var sol. Når me var uppe på fjellet og gjætte, kunde me av og til sjå mange slike bronkar nede på fjorden. Men det var ein hake med det. Silda måtte vere nær land, elles kunde ein ikkje taka henne med nota. Når det var sild i fjorden hadde far atskillige turar inn på Rabben for å sjå etter bronkar. Det var liksom basen sin jobb å passe på slikt.

Men det gjævaste var når her var brisling. Året 1928 vart kalla brislingåret. Me ligg i grenselandet for brislingen. Som regel kjem han ikkje so langt nord, men det året var det her han var. Det vart hektisk då dei oppdaga at det var brisling i fjorden. Kor mykje notlaget her tok veit eg ikkje (eg vart 10 år det året). Men eg veit at ein morgon han far var inn på Rabben, so såg han ein stor bronke inn på Bugane. Han gjorde alarm, og so var det å ro på spreng inn dit. Der stod brislingen, dei kasta og fekk eit godt kast. Dei hadde meir andre stader. Men so måtte dei melde inn fangsten for å selje den, og då var det gjort. Fjorden vart full av snurparar, like frå Rogaland. At her var 30-40 snurparar er ikkje for mykje sagt. Då var det slutt for landnota. Det vart fiska mykje brisling. Her nede på Vika stod mange steng og elles også rundt strendene her stod det steng. Brislingen gjekk til hermetikk. Mest til Bergen og Stavanger. Hugsar at prisen var 7,50 pr skjeppe (20 l).

Kjeldearkiv:Brislingåret 1928

Fra lokalhistoriewiki.no

Brislingåret 1928

Her i bygda var det stort notlag. Det var 14 partar alle so nær som Dalingane. Han far var notbas ei årrekke. Eg var vel 10-12 år da denne hendinga var. Han far var ein morgon fugl, og det var ganske vanleg, at han tok ein tur om morgonen i 5-tida, inn på Rabben for å sjå etter bronkar. Når silda stod høgt i sjøen, var sjøen litt myrkare der silda var. Denne dagen såg han ein sildebronke inn på Bugane. Han gjorde laust som dei sa, bles i bukkehornet og sette opp «blikk» som var to båtebord i notahusgavlen, og folka kom, og dei fyrste gjekk laus med ein gong på å tok nota inn i notabåten. So snart dei var ferdige og dei fleste var komne, var det å no i full fart inn over. Det var meirå, båten med note, opå båten og ellers i dørås med feringar. Det var lang stund, og årane var lange og tunge, men fekk det ganske god, men alt dette tok sjølvsagt tid.

Kildeinformasjon

Navn:	Knut Høydalsvik
Født:	29. september 1918
Død:	20. desember 2009
Sted:	Høydalen (Volda)
Tidsrom:	1928
Nedtegnet:	1990-2009
Metode for nedtegnig:	Eigenforfatta
Beskrivelse:	Vellykka brislingfiske. Avskrift av handskrive manus ved sonen Stein Høydalsvik.
Viktig:	Denne artikkelen kan kun endres av administratorer. Dersom endringer trengs, vennligst ta dette opp på artikkelens samtaleside eller med en administrator .

Brislingåret 1928 er historia om korleis ti-åringen **Knut Høydalsvik** opplevde fisket i [Høydalen](#) i [Volda](#). Han fortel sjølv:

Her i bygda var det eit stort [notlag](#). Det var 14 partar. Alle so nær som Dalingane var med. Han far var notbas ei årrekke. Eg var vel 10 år då denne hendinga var.

Han far var ein morgonfugl, og det var ganske vanleg at han tok ein tur om morgonen i 5-tida inn på Rabben for å sjå etter **bronkar**. Når silda stod høgt i sjøen, var sjøen litt myrkare der silda var. Denne dagen såg han ein sildebronke inn på Bugane. Han gjorde laust som dei sa, bles i bukkehornet og sette opp «blikk» som var to båtebord i notahusgavlen. Og folka kom. Dei fyrste gjekk laus med ein gong på å tok nota inn i notabåten. So snart dei var ferdige og dei fleste

var komne, var det å ro i full fart inn over mot Bugane. Det var notabåten med nota, spelbåten og elles ei drøss med færingar. Det var langt å ro, og årane var lange og tunge, men farta var ganske god. Alt dette tok sjølsagt tid og det var ikkje uvanleg, at ein etter ein slik manøver kom for seint, og at silda var vekk når ein kom fram.

Men denne gongen stod ho der framleis. Det vart full fart med ein gong. Spelbåten til lands for å få feste i land, og det var ikkje alltid so greidt for ofte var det berre slette fjellet. So gikk notadråtten som var i spelbåten ut, til nota skulle gå. Då var det å setje fast dråtten i spelbåten. Nota gjekk ut og notebåten gjekk mot land i andre enden. Kring um på nota var det dubbel med ein lang togtamp i, for nota ville søkke og ho vart senka so langt ned at ein hadde kontroll med silda.

Det var handspel på bae båtane, og alle sveiva so sveitten rann. Av og til stakk silda før nota botna, men denne gongen gjekk det godt. Det vart eit ganske godt kast, og enno betre: det var brisling, og den var svært godt betalt. Prisen var 7,50 kr for skjeppa (20 liter), og det var ein svært god pris, for brislingen var mangelvare det året. Då fangsten vart innmeldt for salg, vart det slutt på freden i fjorden. Dei fyrst snurparane som kom var fra Herøy, men etterpå kom dei like frå Egersund. Til saman so var her i alt ei 30-40 snurparar.

Slike kunde ikkje Høydal notlag konkurrere med, so det vart ikkje meir brisling på dei. Men so kom dagen då oppgjøret kom for brislingkastet. Den tida kom pengane i bankobrev. Det var solide, brune konvolutter med lakksegl. Han far måtte ut på Bakkane for å hente dei mot kvittering. Då den vart opna hugsar eg at der var 2 tusenkronesedlar. Han far viste oss dei og me såg på dei med stor andakt. Det var nokre svære sedlar med to brett, so dei var nok ca. 25-30 cm. Ein slik var mest ei årsløn den gongen.

Han far måtte til Volda å veksle. So kom dagen då pengane skulle delast. Dei kom heim til oss alle 14. Stova vart full, men der var plass også til nokre forvitne gutfantar. Dei mest reknekyndige sette seg til å rekne, og med stor andakt fekk kvar sin lut. Kor stor luten vart veit eg ikkje. Men eg antar at den samla sum var umlag 3000 kr. Dette var i året 1928.

Kjeldearkiv:Den store silledagen

Fra lokalhistoriewiki.no

Den store silledagen

Kildeinformasjon

Navn:	Knut Høydalsvik
Født:	29. september 1918
Død:	20. desember 2009
Sted:	Høydalen (Volda)
Tidsrom:	I 1950-åra
Nedtegnet:	1990-2009
Metode for nedtegning:	Eigenforfatta
Beskrivelse:	Godt sildefiske i Austefjorden. Avskrift av handskrive manus ved sonen Stein Høydalsvik.
Viktig:	Denne artikkelen kan kun endres av administratorer. Dersom endringer trengs, vennligst ta dette opp på artikkelens samtaleside eller med en administrator .



Knut har ei fin brosme på kleppen

Foto: Kjell Oddvar Høydalsvik

Kjeldearkiv:Strånota

Fra lokalhistoriewiki.no

Strånota



Bildetekst:

Knut brukar garn og får fisk
Foto: Kjell Oddvar Høydalsvik

Kildeinformasjon

Navn: Knut Høydalsvik
Født: 29. september 1918
Død: 20. desember 2009
Sted: [Høydalen \(Volda\)](#)
Tidsrom: 1920- og 1950-åra
Nedtegnet: 1990-2009
Metode for nedtegning: Eigenforfatta
Beskrivelse:

Kjøp av not, fiske etter makrell og sild. Avskrift av handskrive manus ved sonen Stein Høydalsvik.

Viktig:

Denne artikkelen kan kun endres av administratorer. Dersom endringer trengs, vennligst ta dette opp på artikkelens [samtaleside](#) eller med en [administrator](#).

Då eg var liten, stod det eit lite naust i fjøra eit stykke ut for Hansnaustet. I det naustet stod det ein liten **notbåt**, og der hong ei seidenot. Den var av grov tråd, og stort band. Den var ikkje brukt lenger då. Men før den tid var den vistnok brukt når seien gjorde landgang, men det skjedde ikkje so ofte lenger.

Dei som eigde nota var Vikekarane og Midgarden. Um Bakkane var med er eg ikkje sikker på. Her inne i Vikane gjekk dei og såg på kor makrelen for og rende kring land, men nøtene ein hadde var for små til å kunne ta han. Hans- og Jakobgarden og Midgaren hadde ei not i lag. Me kalla dei trekløveren. Deira not var større enn vår, men det var sjeldan at dei greidde å ta makrell, for ho også var for lita, og vår var berre til å ta botnfisk med.

Etter overeinskomst med dei andre Vikekarane, baud han Ola på not og båt og naust, og han fekk tilslaget. Kva prisen var veit eg ikkje sikkert, men eg trur at det var 100 kr. Dette var i den verste tida, då det nesten ikkje fanst penger mellom folk, i tida mellom 1925 - 1930.

Då det gjekk opp for han i Midtgaren at me alle i Vikane var med, kalla han Ola for stråmann, og nota for strånota. Det namnet hadde ho so lenge ho eksisterte. Me flytta naustet dit som Olanaustet nr. 2 er no. Me kjøpte brukt sildesnurpenot av lin, og sette inn i midten av nota, og brukte noko av det gamle i endene av nota. Jau me tok ein heil del makrell, den makrelen som var her då, var såkalla sildegarnmakrell. Den var mellom 20-25 cm lang. Me leverte til Fiskehandlar i Volda, men prisen var låg, kanskje 15-20 kr for kassa. Han Migard likte ikkje dette. Ofte når det var makrell som viste seg, å me låg å passa på, so kom han roande, la seg til å pilke, og skræmde makrelen. Men han kunde ikkje passe på alltid, so det var no ikkje noko stort problem.

Me såg snart at me måtte lage nota større, men då måtte me ha større båt. Me bygde då ein ny båt og kjøpte ein brukt bensinmotor. Den verka stort sett bra. Me skifta ut alt av den gamle nota og forlengde nota. Det hende at me tok sild også, og det lønte seg betre enn makrelen. Det vart då murring frå dei andre i notlaget ([Høydal notlag](#)), og det er no forståeleg. Det enda med at laget vart delt.

I mellomtida hadde Høydal notlag kjøpt ein gamel notbåt med ein forhistorisk motor. Den gjekk sjeldan når det gjalt som mest, og skaut som ei kanon. Den fekk namnet [Trollet](#). Dei andre i laget overtok Trollet og nota. Me kjøpte eit nedlagt landnotbruk på Sunde, med to notbåtar. So då hadde me og not, men diverre minka det no på silda. Den eine notbåten selgde me til Arne Johannes. Dei andre bygde seg notnaust ute i Stranda. Men det vart ikkje nokon stor suksess for nokon av partane, og bae laga vart avvikla.

Me selgde båten til Arne Johannes, og det andre laget selgde Trollet til nokre karer burt i Ørsta. Dei kom seg ut til Bjerkneset, men der sokk han rett ned, og det var vel kanskje det beste. Folk fekk no anna å gjere enn å passe på um det var noko som viste seg på sjøen. No var det full drift både på båtbyggeriet og på fabrikk, og ei tidsepoke var over.